



Geir Martin Ohna
Løbergsveien 108a
5073 BERGEN

Dato: 01.06.2017
Vår ref.: 2017/692-38
Saksbehandlar: beroft
Dykkar ref.:

Underretning til listestiller om forkastet listeforslag – informasjon om klagemulighet

Fylkesvalstyret hadde møte 23. juni 2017. Fylkesvalstyret vedtok å forkaste listeforslag nr. 17; Piratpartiet, med Geir Martin Ohna som tillitsvald og Thomas Stavland som varatillitsvald.

I saksframlegg til fylkesvalstyret står mellom anna følgjande:

«Det har vore usemjje internt både i Piratpartiet og Demokratane i Norge om kva for liste som skulle leggjast til grunn i Hordaland. Valgdirektoratet har gitt følgjande uttale til løysing av saka:

«I valgforskriften § 16 er det fastsatt at dersom det er uklart kven som har rett til å representer et registrert politisk parti på lokalt nivå og rett til å stille liste, skal valgmyndighetene innhente og legge til grunn uttalelse frå partiets utøvende organ, jf. Partiloven § 3 (2) bokstav b. Partiets utøvende organ kan altså avklare spørsmål om kven som kan representer dette partiet lokalt.

I relasjon til bestemmelsene i valgloven kapittel 6 om listeforslag er det ikkje et krav at lokallaget er registrert i enhetsregisteret.

Dersom det oppstår tvil om hvem som representerer partiets utøvende organ, er det Partiregisterets registrering pr. 31. mars som skal legges til grunn, jf. Partilovforskriften § 1-5 annet ledd».

«Særleg om Piratpartiet:

Då tillitsvalde frå to listeforslag begge hevda å ha rett til å fremje listeforslag på vegne av partiet, vart det innhenta uttale frå partiets utøvande organ i samsvar med uttale frå valdirektoratet. I brev av 09.04.2017 uttaler generalsekretær at han som representant frå partiets utøvende organ bekrefter/godkjenner innlevert listeforslag underskrevet av Geir Martin Ohna og Thomas Stavland til Stortingsvalet 2017 som listeforslag for Piratpartiet i Hordaland. Tillitsvalde på den andre lista vart informert om uttala per e-post. Det er kome inn klage kor det vert argumentert med at innlevert listeforslag frå Piratpartiet ved Olav Johannes Handeland og Ørjan Langbakk er den korrekte lista frå Piratpartiet i Hordaland. Piratpartiet hadde landsmøte i Bergen 6. til 7. mai 2017. På møtet er det vald ny generalsekretær og ny leiing i partiet. Det er innsendt dokumentasjon frå tillitsvalde frå begge listestillare om at partiet nå er samde om listeforslag frå Olav Johannes Handeland og Ørjan Langbakk med kandidat Øyvind Andersen Holm på 1. plass er godkjent liste frå Piratpartiet ved Stortingsvalet 2017 i Hordaland. Det er også gitt uttale om at listeforslaget er i samsvar med vedtak i fylkesstyret etter ein demokratisk prosess i Hordaland fylkeslag. Etter dette er det fylkesrådmannen si vurdering at det ikkje lenger er uklart kven som har rett til å representerere piratpartiet i Hordaland og såleis ha rett til å stille liste for Piratpartiet i Hordaland»

I saksprotokoll frå fylkesvalstyret kjem det fram følgjande:

«Nr. 18 Piratpartiet er gjengjevne med feil tillitsvalde i forslaget ovanfor. De namngjevne tillitsvalde skal være kobla til liste nr. 17».

På dette grunnlag vedtok fylkesvalstyret i møte den 23. juni å forkaste innlevert liste, nummerert som listeforslag nr. 17 i saksframlegg til fylkesvalstyret med Geir Martin Ohna som tillitsvald og Thomas Stavland som varatillitsvald.

Klage

Det er høve til å klage på vedtaket jf. Valgloven § 6-8. Klagen sendast til fylkevalstyret i Hordaland innan 7 dager etter at dette brevet er motteke.

Fylkesvalstyret vil i tilfelle vurdere saka på nytt. Dersom fylkesvalstyret ikkje vil gjere om vedtaket blir klaga sendt til Kommunal og Moderniseringsdepartementet for overprøving.

Bertil Søfteland
leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.